

Kyrkjebø,07.05.24.

Møteprotokoll for Kyrkjebø sokneråd.

Møtedato: 25.04.24. Møtetid: kl. 19.00. Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

Til stades:

Sturla Bell Fossen, Andreas Ester, Irene Aase Aarseth, Jofrid Nordstrand Forthun, Jens Ole Årdal, Arvid Solås, Kari Henny Dale.

Forfall: Sjur Håvard Øygard, Ole Ivar Luggenes

Kopi av protokollen går til: Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Ali Kharrat, Heike Muller, Stig Jonny Fitje, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste:

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Det er ingen merknad til innkalling. Saklista vert endra slik at vedtaksakene: opa kyrkje og medarbeidar/frivillig samling for soknet kjem før meldingsakene: kyrkjeleg aktivitet i Vadheim og gudsteneste-samlingane våre. Så vedtaksak: gudstenesteplan for siste del av 2024. Til sist meldingsak: årshjulet. Dette for å få tidfeste planlagde aktivitetar i årshjulet.

Godkjenning av referatet frå møte 21.03.24.

Det var ingen merknad til referatet.

Sidan sist:

Gudstjenestene både palmesøndag og påskenatt med bra oppmøte. Blomsterløkskriv med oppfordring til å donere i staden for å kaste løkane i søpla samt oppsamlingsbrett er sett fram ved bosspanna på kyrkjegården. Dugnad 17 april på Kyrkjebø, 16 stk gjorde ein strålende jobb, samt at fleire hadde gjort dugnad nokre dagar før så totalt var det 24 stk. som har bidratt til at kyrkjegården er velstelt og vakker.

Postlista:

Postlista vart gjennomgått og kommentert.

Soknepresten har ordet:

Soknepresten samtala rundt søndagen preiketekst.

Vedtaksaker:

Sak: 014/24: Opa kyrkje sommaren 2024 – datoar og innslag.

Vedtak:

Opa kyrkje vert arrangert 12. og 26. juni og 07. og 21. august i tidsrommet mellom kl. 18.00 og 20.00. Sturla spør aktuelle aktørar om ca ein times programinnslag dei aktuelle dagane. Kulturskulen har allereie takka ja til å delta den 12 juni.

Sak: 015/24: Medarbeidar/frivillig samling for soknet?

Vedtak:

Soknerådet vil hausten -24 samle frivillige medarbeidarar til sosial fellesskap med fagleg innhald.

Jofrid og Kari er valde til komité for å førebu denne samlinga.

Meldingssaker:

Sak 24013: Kyrkjeleg aktivitet i Vadheim.

Sidan Vadheim ikkje er representerte i soknerådet denne perioden, har soknerådet drøfta kva tiltak og kyrkjelege aktivitetar rådet ser føre seg å få gjennomført i den delen av soknet. Gjennom lenger tid har det vore svært lite frammøte ved gudstenestene i Vadheim. Soknerådet ynskjer no å invitere bygdefolket til idedugnad for å auke aktivitet og engasjement og bruk av bedehuskapellet i bygda. Sturla og Arvid er valde til komité for å arbeide vidare med denne saka.

Sak 24014: Gudsteneste -samlingane våre.

Soknerådet er tidleg i sin periode og det kan vere nyttig å drøfte innhald og form på samlingar i regi av kyrkja og soknet. Dei tilsette i kyrkja har sine klåre skisserte oppgåver og ansvar. Men i kva grad kan/bør rådet påverke innhaldet, kven som medverkar og korleis gjennomføringa er. Korleis kan rådet bidra til betre innhald og auka interesse?

Andreas innleia og utfordra rådsmedlemmene på kva som gjev gode og minnerik kyrkjeopplevingar for den enkelte.

Vedtakssak:

Sak: 016/24: Gustenesteplan for siste del av 2024.

Gudstenesteplanen for 2. halvår 2024 vert vedteke slik den føreligg og tilførd Folkemusikkmesse 12 oktober.

Meldingssak:

Sak 24012: Årshjulet.

Årshjulet vart oppdatert og arbeidsoppgåver fordelt på rådsmedlemmane.

Sak: Ymse.

Smijernsporten til kyrkja har vore demontert i fleire år. Soknerådet ynskjer no at den vert sett i stand og montert i steinmuren att.

Smijernsgelender ved steintrapp sør for kyrkja treng pussing og maling.

Jens Ole og Arvid tek på seg begge oppgåvene.

Referent:

Kari Dale

soknerådsmedlem.